

## **Intensjonsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Flora kommune.**

Avtala gjeld Flora kommune sitt leigetilhøve av det som i dag er omtalt som Florø idrettsenter AS, Sak nr.: 17/8305-5.

Flora kommune er positive til fylkesrådmannen si innstilling. Flora kommune ynskjer samtidig å inngå ei intensjonsavtale med fylkeskommunen om ombygging av fotballdelen av Florø Idrettsenter til andre idrettsformål.

I desse dagar arbeider Flora kommune med å realisere ein ny fotballhall, Storhall Vest. Bortimot 3/4 av arealet i Florø Idrettsenter som er idrettsflater, er fotballhall. Når Flora kommune sin fotballhall står ferdig vil ikkje Flora kommune eller idretten i Flora ha behov for fotballareal i Florø Idrettsenter.

Flora kommune ynskjer ei gjensidig forståing med Sogn og Fjordane fylkeskommune om at når Storhall Vest er realisert må fotballhallen i Florø Idrettsenter byggast om til anna bruk for idretten, for at formålet med Flora kommune sitt leigeforhold skal vere ivaretatt.

Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er samde om følgande:

1. Partane har gjensidig forståing for at fylkeskommunen ynskjer ei leigeavtale som sikrar inntekter ved ei overtaking av Florø Idrettssenter samstundes som Flora kommune ynskjer tryggleik for at leigeobjektet er tilbassa behova idretten i Flora har.
2. Om og når Flora kommune sin nye hall, Storhall Vest, er igangsatt, er partane samde om å sjå på ombygging av fotballhallen i Idrettssenteret. Ombygginga er meint å stette dei behova som idretten i Flora har.